

Referansesystem for landskap

Referansesystem for landskap er eit hierarkisk system som deler landet inn i tre nivå: regionar (45), underregionar (445) og område. Det er heilskapen i landskapet og samspelet mellom dei naturgitte og kulturskapt landskapskomponentane som er grunnlaget for inndelingane. Referansesystemet for landskap syner mellom anna kva for landskapstypar ein finn i kommunen, og kor utbreidde desse er på landsbasis. Kanskje kommunen din har ein landskapstype som ikkje finst andre stader, og som dermed kan vere viktig å ta vare på?

Informasjonen frå den romlige landskapskartlegginga kan nyttast til utforming av nasjonale strategiar og til regional og kommunal planlegging. Eksempel er arealplanlegging, konsekvensutgreingar, tilskotsforvaltning, reiseliv, miljøvern og forvaltning av kulturlandskap.



Jordbrukslandskap i Akershus (Foto: © Oskar Puschmann, NIJOS)

3Q - Tilstandsovervaking og resultatkontroll i jordbrukets kulturlandskap

Dette programmet tek sikte på å finne og rapportere nasjonale og regionale indikatorar for utviklingstendensar i jordbruket sitt kulturlandskap. Dette omfattar analysar av jordbrukslandskapet i høve til arealstruktur, biologiske mangfald, kulturminne og tilgjenge. Undersøkingane skal gjerast på dei same flatene kvart femte år, for å måle endringane som skjer i kulturlandskapet over tid.



3Q overvakar endringar i landskapet (Foto: © Oskar Puschmann, NIJOS)

Arealplanlegging etter Plan- og bygningslova

Det er mange ulike interesser å ta omsyn til i ein kommuneplan- eller reguleringsplanprosess. Å ta avgjersler i plansaker krev at relevant informasjon må vere enkel, lett forståeleg og lett tilgjengeleg. Mangel på slik tilrettelagt informasjon kan vere ein av grunnane til at fleire fylkesmenn har etterlyst ei betre utgreiing av konsekvensane for landbruksinteressene i ulike plansaker. Offentlege styresmakter har ansvar for å leggje til rette relevante fagdata for kommunane.

Som landbruksforvaltninga sitt kompetansesenter for geografisk informasjonsbehandling, vil NIJOS leggje til rette informasjon om arealressursane på ein best mogleg måte. Målet til NIJOS er at viktig informasjon om arealressursane skal inngå som ein naturleg del av grunnlaget for avgjersler i alle plansaker.

Grunnlag for overordna arealpolitikk og virkemiddelutforming

Nye tal viser at totalt 1,05 millionar dekar jordbruksareal og dyrkbare skogareal er omdisponerte dei siste 50 åra. Berre i 2003 er det rapportert nedbygging av om lag 20 000 dekar dyrka og dyrkbar mark i Noreg. NIJOS produserer kart og statistikk som viser tilstanden og utviklinga til viktige jordressursar i store delar av landet. Desse produkta kan vere ein del av informasjonen som ligg til grunn for viktige avgjersler i høve til planar og strategiar på nasjonalt og regionalt nivå.

Kontakt NIJOS

Meir informasjon om dei ulike produkta til NIJOS, og korleis dei kan brukast i arealplanlegging, finn du på www.nijos.no. Kontaktperson: Frode Flemsæter, frode.flemseter@nijos.no, tlf: 64 94 96 88.



Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS) framskaffer informasjon om jorda, skogen, utmarka og landskapet i Norge til bruk i offentlig forvaltning og næringsutvikling. Instituttet er et statlig, nasjonalt fagorgan under Landbruks- og matdepartementet. Virksomheten har 130 ansatte med hovedkontor i Ås i Akershus, og regionkontorer i Midt-Norge og Nord-Norge.

NIJOS, Raveien 9, Postboks 115, 1431 Ås Tlf.: 64 94 97 00, Faks: 64 94 97 86 E-post: nijos@nijos.no



Kartgrunnlag for arealplanlegging



NIJOS Rettleiar 4/2005

Det er mange ulike arealinteresser å ta vare på for ein arealplanleggjar. Det har alltid vore ein kamp om dei beste areala. I tidlegare tider stod dei beste jaktområda og den beste dyrkjingsjorda i sentrum. Etter kvart har stadig fleire arealinteresser kome til, som industriutbygging, bustadbygging, samferdsel, miljøvern, rekreasjon og leikeareal for å nemne nokre. Dei siste åra har vi igjen sett auka merksemd rundt forvaltning av jordbruks- og kulturlandskap, i notid og framtid.

Eit hovudformål med NIJOS er å gje offentleg forvaltning relevant informasjon om arealressursane. NIJOS har i mange år gjort omfattande kartlegging av arealressursane i landet. Utifrå dette produserer NIJOS kart og statistikk eigna til bruk i arealforvaltning. Vi har produkt tilpassa dei fleste nivå, frå reguleringsplanlegging til nasjonalt plan- og strategiarbeid.

Denne informasjonsfaldaren gjev ei oversikt over verdifull informasjon om landets arealressursar. Ytterlegare informasjon, og tilgang til innsyn og nedlasting av data finn du på www.nijos.no.



NIJOS har informasjon om arealressursane. (Foto: © NIJOS)


Framsidedfoto: Utbygging av veg på dyrka mark. Frogn i Akershus. © Karine Bogsti, NIJOS.

Nyttige produkt i arealforvaltning

Nedanfor finn du ei oversikt over produkt frå NIJOS som eignar seg som grunnlag for arealplanlegging.

Digitalt markslagskart (DMK)


Store delar av landet har no eit godt oppdatert digitalt markslagskart (DMK). I DMK ligg mellom anna opplysningar om dyrka og dyrkbar jord, skog og skogressursar. DMK er godt eigna til bruk i arealplanlegging i store målestokkar, som reguleringsplanlegging. Ved hjelp av DMK kan ein til dømes enkelt finne ut kor mykje dyrka mark eller produktiv skogsmark som ein reguleringsplan får innverknad på. Med DMK kan ein gjere ulike arealanalysar over tilstanden og utviklinga til viktige jordressursar.



I dette eksempelet har ein brukt DMK for å sjå kor stort areal fulldyrka jord som ligg innanfor forslaget til omriss av ein reguleringsplan

Arealressurskart, AR50 og AR250


AR50 og AR250 er arealressurskart der informasjonen frå mellom anna DMK er tilpassa målestokkar på høvesvis 1:50 000 og 1: 250 000. Dette karta er eigna til bruk i oversiktsplanlegging, som arealdelen til kommuneplanar og fylkesdel-planar. AR50 er også eigna som eit grunnlag for avgrensing av kjerneområde for landbruk. AR50 og AR250 kan ein laste ned eller bestille på www.nijos.no.



Her er AR50 brukt som bakgrunn for avgrensing av kjerneområde for landbruk

Jordsmonnsskart


Mange av kommunane med størst utbyggingspress har også dei mest produktive jordbruksareala. For dei fleste av desse kommunane har NIJOS jordsmonnsdata. Jordsmonnsskartet inneheld detaljert informasjon om jordkvaliteten, og er svært nyttig dersom det er aktuelt å leggje ut jordbruksareal til andre formål i kommuneplanen. NIJOS lagar mange standardiserte temakart som kan vere viktige hjelpemiddel i forvaltninga. Eksempelvis er dyrkjingsklassekarta og erosjonsrisikokarta sentrale i jordvernsamanheng og i spørsmål knytt til omdisponering av dyrka mark.



Jordsmonnsskart gjev mellom anna detaljert informasjon om erosjonsrisiko

Vegetasjonskart

Vegetasjonskart gjev allsidig informasjon om naturgrunnlaget i utmarka til dømes om beitetilhøve, artsmangfald og slitestyrke for ferdsel. Kartet kan brukast til å vise kor eigna areal er til ulike formål, dokumentere ei rekkje arealbruksinteresser og avdekkje konflikter mellom brukarar i utmarka. Etablering av nye hyttefelt skjer ofte i område med verdifulle utmarksressursar. Ved bruk av vegetasjonskart kan ein avdekkje moglege konfliktpunkter på eit tidleg stadium. NIJOS utfører vegetasjonskartlegging på oppdrag.



Eit utsnitt frå vegetasjonskart for Kvitfjell